

Høyringsfråsegn til intensjonsavtale om kommunesamanslåing i Nordhordland.

På bakgrunn av intensjonsavtalen frå 25.1, vart det sett igang ein prosess som har ført til at fellesrådsleiarane i Lindås, Radøy og Meland har kome fram til følgjande høyringsfråsegn:

- Dersom det blir kommunesamanslåing, kan kyrkja vere ein bidragsytar i bygdene til levandegjering av visjon, verdiar, mål og prinsipp som er sett for samanslåinga, slik dette kjem til uttrykk i intensjonsavtalane. Vi vil halde fram med å byggja gode fellesskap og styrkja det diakonale og førebyggjande arbeidet.
- Ei mogleg samanslåing av kommunane vil få store organisatoriske følgjer for kyrkja. Kommunane har eit økonomisk ansvar for drift og investeringar i Den Norske Kyrkja. Det er eit mål at kyrkja skal ha ei økonomisk utvikling som står i samsvar med dei oppgåvene kyrkja har.
- Kyrkja ønskjer å vere eit aktivum i nærsentera med heile tenestetilbodet sitt.

Knarvik 7. mars 2016



Gunnar Kartveit
Leiar Radøy sokneråd



Borghild Toft
Leiar Lindås kyrkjelege fellesråd



Regine Sagstad Berg
Leiar Meland sokneråd
